

Eli Eiane Klyve ny leiar i idrettslaget

08.02.2009



Eli Eiane Klyve er ny leiar i idrettslaget og ho sit nummer to frå høgre. Bak står den avtroppande leiar Michael Røssland. Sentralt sit nestleiar Bjørn Olav Tveit. Heilt til venstre nyvald leiar i ski- og friidrettsgruppa Ole Vidar Monsen og lengst til høgre leiar i turngruppa Hege Lekva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Michael Røssland takka for seg som leiar i Uskedalen Idrettslag under årsmøtet sundag kveld og Eli Eiane Klyve overtok.**

**Dei andre i styret etter valet er Bjørn Olav Tveit, Bjarte Døssland, Johan Henrik Lyse, Oddmund Soldal og Jostein Hauso.**

- Det har vore utruleg kjekt å leia idrettslaget og vi har fått til ein god del, sa Røssland, som presenterte ei årsmelding der det vart opplyst at 2008 var eit veldig godt år for laget.

- Vi har trukke inn gode pengar ved å ha tett med aktivitetar. Samtlige 'felles-arrangement' gjekk med gode overskot, heitte det i meldinga.

- Økonomisk står vi betre enn på fleire år, sa Røssland, men han la til at laget også hadde forsømt noko, ikkje minst fordi det gjekk med store ressursar for å få Aktivitetshuset ferdig.

Hausten 2008 vart svært spesiell på grunn at dette krafttaket og det vart lagt ned mange hundre dugnadstimar for å få det til.

I tillegg til aktivitetane i gruppene engasjerte styret seg i gensersal, teikning av sponsoravtalar, Heio Cup, sykkelrebus, vårlotteriet, 'Hopp i havet', Aktivitetshuset og registrering i Frivilligehetsregisteret i samband med grasrotandelen frå tippinga.

ETter driftsinntekter på 331.214 kroner og driftskostnader på 276.601 kroner vart det eit driftsresultat på 54.613.

Av tunge inntektpostar kan nemnast 55.700 kroner i medlemspengar og 55.000 i sponsormidlar.

Årsmøtet vedtok mot to røyster å auka kontingensten for dei over 18 år frå 500 til 700 kroner medan kontingensten for dei under 18 på 300 kroner ikkje blir auka.

Frå turgruppa vart det opplyst at 130 registrerte seg etter fullføring av fjelltrimmen i fjor, men det er langt fleire som tek denne utfordringa utan å registrera seg. Ifor vart det teke eit skippertak med merking og dette held fram i år. No er det plassert ein permanent tyrolartravers ved Fjellandsbø til bruk under den årlege friluftsdagen. I det siste har gruppa engasjert seg i det nye og svært positive stiprosjektet i Kvinnherad.

Turngruppa konkluderte 2008 med at barnetrimmen og idrettsskulen hadde hatt veldig god oppslutnadt med rundt 20 kvar gong. Men på dei vaksne partia har det vore litt nedgang i frammøtet samanlikna med 2007.

Gruppeleiinga må konstatere at det er svært vanskeleg å finna nye leiar.  
- Vi har spurt mange forgjeves, opplyste Hege Lekva, som no vil gje seg.

I gruppa for ski og friidrett der Ole Vidar Monsen no har vorte ny leiar har aktiviteten vore omrent som i fjar. Deltakinga i konkurransar er framleis ikkje så stor, men på treningane har dei hatt bra med folk. Spesielt på fellestreningsa er frammøtet stort, med 20-40 kvar gong. Nytt i fjar var fellestreningsa for dei minste, først og fremst på rulleski.

Av Ola Matti Mathisen